

# **Årsmøte i Valldal IL på klubbhuset 26.02.14. kl. 19.00**

13 stk. hadde møtt fram. Takk til Anders Rem for nydeleg servering!

## **Sak 1: Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar**

Det var ingen merknader til dette.

## **Sak 2: Konstituering**

- a. Val av dirigent – Einar Hoel valt
- b. Val av sekretær – Ellisiv Valdal Jarvik valt
- c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok – Magne Eivind Glomnes og Anders Rem valt.

## **Sak 3: Årsmelding 2013**

Framlagt årsmelding for Valldal Idrettslag med undergrupper sine årsmeldingar vart godkjent og fastsett årsmelding for 2013

## **Sak 4: Rekneskap 2013**

Framlagt rekneskap for Valldal Idrettslag med undergrupper sine rekneskap vart godkjent og fastsett som rekneskap for 2013

## **Sak 5: Arbeidsplan 2014**

Framlagt arbeidsplan for Valldal Idrettslag med undergruppene sine arbeidsplanar vart fastsett som retningsgjevande for arbeidet i 2014

## **Sak 6: Budsjett 2014**

Framlagt budsjett for Valldal Idrettslag med undergruppene sine budsjett vart fastsett som budsjett for 2014

## **Sak 7: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

Årsmøtet i langrennsgruppa har vedteke å endre namn på gruppa til skigruppa. Dette er fornuftig og opnar til breiare aktivitet i gruppe.

Det er kome spørsmål om frisbeegolf som ein aktivitet i Valldal IL. Det er bygt bane på Jemtegård Feriesenter og denne vert i 2014 utvida til 18 hull. Dette er eit lågterskeltilbod og det kan i første omgang vere naturleg å legge dette til trimgruppa.

Gruppa vert utvida med ein person med særleg ansvar for frisbeegolf. Sporten er organisert gjennom Norges Amerikanske Idretters Forbund, avd disksport.

**Vedtak:**

Tidlegare vedteken organisasjonsplan for Valldal Idrettslag vert vidareført med følgjande endringar:

1. Valldal IL langrenn endrar namn til Valldal IL ski
2. Valldal IL vert innmeldt i Norges Amerikanske Idretters Forbund, avd disksport.
3. Frisbeegolf vert i 2014 lagt inn under trimgruppa
4. Richard Moen går inn i trimgruppa i 2014 med ansvar for frisbeegolf.

**Sak 8: Medlemskontigent**

I samsvar med lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontigent. Vedtak vil gjelde for 2015

Noverande kontigent

Barn t.o.m. 16 år	kr 350
Vaksne f.o.m. 17 år	kr 450
Familie	kr 800
Pensjonistar	kr 350
Støttemedlem	fritt beløp

**Vedtak:**

Medlemskontigent for 2015 vert ikkje endra i høve til 2014

**Sak 9: Rehabilitering av Idavollen**

**Vedtak**

1. Valldal IL rehabiliterar Idavollen og bygger 7-ar bane og 5-ar bane for fotball med kunstgras i samsvar med utarbeidd plan. Lysanlegg skal oppgraderast.
2. Rehabilitering skal gjerast innanfor ei total kostnadsramme på inntil kr 3,5 mill inkl mva
3. Finansiering med spelemidlar, kommunalt tilskot og eigendel på Valldal IL. Idrettslaget sin del skal dekkast med bruk av eigenkapital på inntil kr 750.000, låneopptak i Sparebanken Møre på inntil kr 400.000 og dugnad.
4. Det skal opprettast ei anleggsnemnd som har ansvar for framdrift og gjennomføring av arbeidet. Styret i Valldal IL skal vere representert nemnda i tillegg til medlemmar frå fotballgruppa.

## **Sak 10: Trakkemaskin**

Sak frå skigruppa

### **Vedtak:**

1. Det skal settast i gong arbeid med sikte på å skaffe ny trakkemaskin.
2. Det skal opprettast ei eiga nemnd som skal utarbeide framlegg til ny maskin og finansiering. Styret i Valldal IL skal vere representert i denne nemnda i tillegg til medlemmar frå skigruppa.
3. Endeleg avgjerd om ny trakkemaskin skal leggjast fram for årsmøte i Valldal IL, evt ekstraordinært årsmøte.

## **Sak 11: Val**

### **Valnemnda sitt framlegg vart lagt fram og einstemmig vedteke:**

Styre i Valldal IL

Leiar:	Einar Hoel	for 2014
Nestleiar	Anders Rem	(ikkje på val)
Styremedlem:	Trond Håvoll	(ikkje på val)
Styremedlem:	Karianne Vestre Døving	(ikkje på val)
Styremedlem:	Kristin Sandnes	2014-2015

1. varamedlem: Inge Sunde for 2014
2. varamedlem: Torkjell Bjørstad for 2014

Revisorar:	Kåre Arne Erstad	for 2014
	Aksel Døving	for 2014

Marknadnemnd: Olav Løvoll ikkje på val  
Styret finn fram til to representantar til ved eit seinare høve.

Framlegg til valnemnd:

Reidar Bjørstad	for 3 år (2015-2017)
Olav Løvoll	ikkje på val (2013-2015)
Øyvind Hoel	ikkje på val (2014-2016)

Val av utsending til årsmøtet i Norddal Idrettsråd – Anders Rem og Ellisiv Valdal Jarvik

Val av representant til styret for Valldal Samfunnshus – Anders Rem

### **Godkjenning av val i undergrupper:**

Fotballgruppe -	Ellisiv Valdal Jarvik	leiar 2014 (attval)styremedlem Valldal IL
	Hege Bjørstad	2013-14 (ikkje på val)
	Silje Sandøy Grønning	2014-15
	<i>Robin Gjerde</i> Tanja Brevig	2014-15
	Kenneth Hovden	2013-14 (ikkje på val)

Dag Snorre Grønningsæter 1. vara 2014  
Ann Kristin Godø 2. vara 2014

Friidrettsgruppe- Magne Eivind Glomnes, leiar 2014 (attval)styremedlem Valldal IL  
Lars Tomas Bersås 2014-15  
Kjersti Magnussen 2014-15  
Solfrid Fjeldstad 2013-14 (ikkje på val)  
Øyvind Reiten 2013-14 (ikkje på val)

Petter Lingaas 1. vara 2014

Skigruppe- Kristi L. Stakkestad 2014 (attval) styremedlem Valldal IL  
Jan Ole Fuglem 2014  
Mariann M Sunde 2014-15  
Anett Steinnes 2013-14 (ikkje på val)  
Geir Arne Myren 2013-14 (ikkje på val)

Per Jomar Nerli 1. vara 2014  
Arne Sandnes 2. vara 2014

Trimgruppe-

Kjersti Magnussen, leiar 2014 styremedlem i Valldal IL  
Odd Martin Hoel 2014-15  
Jürg Barthel 2014-15  
Liv Hanne Svensvik 2013-14 (ikkje på val)  
Robert Wollmann 2013-14 (ikkje på val)  
*Richard Moen 2014 – ansvar for frisbeegolf*

Dagrunn Rem 1. vara 2014  
Nelly Ytterli 2. vara 2014

